



Ørsta FrP — Handlingsprogram 2023–2027

Ansvar og handlekraft —rett til å gjere eigne val—

Ørsta FrP går til val 2023 for å gi våre
innbyggjarar betre levevilkår.
Stemma di til FrP gjer ein skilnad!

— meir fridom

Rett til å gjere egne val!

FrP er synonymt med handlekraft. Prinsipp og byråkrati skal vike for praktiske løysningar. Den veit best korleis skoen trykker som har den på!

FrP ynskjer å sjå folk og bedrifter lukkast. FrP vil sjå gode arbeidsplassar og veldrivne verksemder som støttar opp i lokalmiljøet.

Folk skal ha råd til eigen bustad og til å delta i ulike kulturtilbod.

Folk skal ha fridom til å velje sjølv korleis vi skal leve liva våre.

Misunning skal ikkje øydeleggje for verdiskaping og private initiativ.

Eigedomsskatt

10 år med eigedomsskatt er nok! Ørsta FrP vil redusere og fjerne eigedomsskatten.

Skatt for næringslivet

Ørsta FrP vil gjere alt vi kan for å stimulere næringslivet ved å redusere byrden med det høge skattetrykket. Det gjer vi ved å lette på den kommunale delen av skatt på arbeidande kapital.

Avgifter og gebyr

Regjeringa pålegg stadig hardare vilkår for innbyggjarar og næringsliv. Folk som har spart heile livet for å sikre alderdom og familie, skal sjølv få disponere mest mogleg av egne midlar. Kommunale avgifter og gebyr skal holdast nede.

Ja til læringar

Ørsta kommune treng fleire fagarbeidarar. Ørsta FrP vil auke ramma for læringar i kommunale stillingar til minimum 30. Ørsta kommune skal gi moglegheit for ungdom som vil ut i praktisk arbeid.

Handlekraft

Ørsta FrP krev at politiske vedtak faktisk blir gjennomførte. For demokrati og samfunnsutvikling skal kommuneadministrasjonen gjennomføre oppgåvene som er vedteke.

Leitevegen

Ferdigstille Leitevegen er ein av vedtekne sakar som skal gjennomførast snarast. Då reduserer vi trafikken både i flyplasskrysset og krysset mot Rystelandet, og vi får klart om lag 50 nye bustadtomter. Med nye bustadar i Hovdebygda vil behov for skule og barnehage auke og balansen i Ørsta på offentlege tenester blir betre.

Oppvekst, Helse og Omsorg

Omsorgstenestene i Ørsta skal ha nok og rett tilsetting. Vi skal ha OPP talet arbeidsplassar i temesta, ikkje kutte! Nok og rett bemanning reduserer slitasje og sjukefråvær og gjev betre arbeidsmiljø.

Rett kompetanse på rett jobb!

Vi skal ha rett kompetanse til dei ulike oppgåvene. Lærarar, assistentar, fagpersonell, sjukepleiarar, legar, pedagogar og andre skal utføre dei oppgåvene som er innanfor egne kvalifikasjonar.

Heiltidsstillingar

Ørsta FrP vil gje heiltidsstillingar til dei som ynskjer det. Ørsta FrP vil også gjere det mogleg for at dei som ynskjer deltidsstilling skal få moglegheit til å jobbe deltid. Fridom til å velje eit arbeidsliv som passar med privat ynskje og behov står alltid fyrst for FrP.

Vartdal Helsetun og Hjørundfjordheimen

Det skal ikkje vere fleire diskusjonar om fortsatt drift på Hjørundfjordheimen eller Vartdal Helsetun!

Ørsta kommune skal prioritere primærtenester for folket. Det tyder blant anna å sikre Vartdal Helsetun og Hjørundfjordheimen.

For Ørsta FrP er det utenkjeleg å støtte forslag fra andre om å legge ned og sentralisere desse tenestene.

Rett teneste og god kvalitet

Ørsta FrP skal sikre eit riktig tenestetilbod og god kvalitet på grunnleggjande kommunale oppgåver. God, trygg og forutsigeleg drift av dei kommunale tenestene i bygdene blir best med eit FrP–styre i Ørsta. Vi veit kor viktig det er for kvart enkelt lokalsamfunn å ha primærtenestene nær seg. Vi veit kor viktig det er for livskvalitet med aktivitetar og arbeidsplassar for å halde liv også i bygdene.

Vekst skal gjelde heile Ørsta, bygdene så vel som i sentrum.

Dagsenteret

God psykisk helse er viktig i alle aldrar. Ørsta FrP vil styrke bemanning på Dagsenteret og betre dei psykiatriske tilboda i kommuna. Vi skal levere eit kommunalt godt tilbod til hjelp for psykiske utfordringar til dei som treng det i ulike fasar av livet.

Frivillig arbeid

Ørsta FrP vil forsterke støtta i det frivillige arbeidet innan kultur, idrett, i frivillige lag og andre organisasjonar. Det gjer vi ved å legge til rette for tilkomst til arenaer, stille kommunane sine lokale og eigedommar til disposisjon, og ved å gje økonomisk støtte til alle dei ideelle organisasjonane som driv på dugnad med heilt marginale rammevilkår.

Ørsta kommune skal legge til rette for aktivitetar for uorganisert ungdom.

Ja–kommune

Ørsta FrP skal legge til rette for næringslivet. Både noverande verksemdar og nye etableringar.

Eksisterande og nytt næringsliv er grunnleggjande viktig for Ørsta. Eit lønnsamt og godt næringsliv gjev verdiskaping og trygge arbeidsplassar. Som aktiv Ja–kommune gjer Ørsta FrP det lettare for folk og næringsliv å etablere seg og drive i Ørsta.



Fridom for familien til å velje sjølv



Fleire varme hender i omsorgstjenesten

Listekandidatene våre (alfabetisk)

Hogne Sveinung Barstad
Roger Inge Brunstad
Eilis–Mari Grinde
Cindy Helen Hoddevik
Aleksander Almås Jørgensen
Monica Westrum Kipperberg
Daniel Dieter Kloiber
Arnt Ivar Kolås
Inge Kolås
Roger–Andre Kolås
Even Berkvik Melheim
Roy Magne Mo

Arnt Øyvind Myklebust
Hans Olav Myklebust
Kari Janne Myklebust
Per Olav Sandbakk
Svein Egil Seterbakken
Asgeir Standal
Bodil Petra Standal
Knut Helge Stokke
Tore Thon
Per Atle Tonheim
Johan Bertel Vartdal
Odd Magne Vinjevoll
Oddvar Åm